



Klart for ny Aktivitetsdag 15. juni! Foto: Ola Matti Mathisen

**Uskedal utvikling har det siste møte før sommarferien på onsdag kl. 19 i Gamleskulen. Tema er: Kultur, turisme og profilering. Målet er å utvikla og samordna arrangement og profileringstiltak før sommarsesongen.**

Det vert lagt opp til korte innlegg frå ulike aktørar og arrangørar. Dette gjeld særleg i høve til:

- Større arrangement som Festidalen, Aktivitetsdagen, Solfjelløpet og Heiocup
- Overnattings- og serveringsplassane
- Uskedalselva med faste opningstider
- Handel og lokale matprodusentar
- Camping og båthamnene
- Dønhaug Gjestegard og Systrene Nilsen
- Bygdetunet Rød m/ Bøkkerkveld og Museumsdag

Det er viktig at det møter utsendingar frå kvar av desse aktørane.

**Styret**